



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 9

(1999-2000)

Om løyvingsendringar mv. for 1999 på
Samferdselsdepartementets område

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 19. november
1999, godkjend i statsråd same dagen.*

Kap 1311, 1320, 1380, 4350, 4380 og 5611

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram ein del saker under programkategoriane 21.2 Luftfartsformål, 21.3 Vegformål, 21.5 Jernbaneformål og 22.2 Telekommunikasjonar.

Proposisjonen gjeld følgjande saker:

Under *21.2 Luftfartsformål*:

- Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga for tilskot til ikkje-statlege flyplassar med 132,1 mill. kr. Denne løyvinga vil saman med den foregåande løyvinga for 2000 føre til at staten kan innfri heile gjelda til dei tidlegare eigarane av dei 26 regionale lufthamnene som staten tok over i 1997 og 1998.

Under *21.3 Vegformål*:

- Som kompensasjon for at Storvika i Fræna kommune ikkje blei valt som ilandføringsbase for olje og gass tilrår departementet at det blir løyvd 12 mill. kr til utbetring av fv 228 Jendem - Aurosen.

Under *21.5 Jernbaneformål*:

- På grunn av at nettovinsten av sal av overskotskapasitet i Jernbaneverkets fiberkabelnett blir mindre enn det var lagt opp til i budsjettet for 1999, blir det gjort framlegg om å redusere inntektsoverslaget på kap. 4350, post 04 Leigeinntekter, med 48 mill. kr.
- Departementet gjer framlegg om å utvide fullmaktsgrensa for å overskride løyvingane på kap. 1350, postane 23 Drift og vedlikehald og 30 Investeringar i lina, mot tilsvarande inntekter på kap. 4350, post 02 Sal av eigedomar mv. og post 03 Arbeid for framande, frå 6 pst. til 8 pst. av samla løyvingar på kap. 1350 Jernbaneverket.
- Det blir orientert om at utbyggingssaker som ikkje er avklara innan 31. desember 1999 etter denne dato blir ivareteke av driftsorganisasjonen i NSB Gardermobanen AS.
- Betaling av renter av lån frå NSB BA blir 13 mill. kr høgare enn tidlegare budsjettert.

Under *22.2 Telekommunikasjonar*:

- Departementet gjer framlegg om å auke løyvingane til Post- og teletilsynet med 8,8 mill. kr med tilsvarande auke av inntektssida.

2 Programområde 21.2 Luftfartsformål

2.1 Innløsning av gjeld til tidlegare lufthamneigarar

Samferdselsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på kap. 1311, post 60 Tilskot til ikkje-statlege flyplassar, med 132,1 mill. kr til 160,0 mill. kr. Denne tilleggsløyvinga vil, saman med Regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2000, innebere at staten ved årsskiftet 1999/2000 kan innfri gjelda til dei tidlegare eigarane av dei 26 regionale lufthamnene som staten tok over i 1997 og 1998.

Gjelda er knytt til to forhold. Det eine er refusjon av dei forskota som dei tidlegare lufthamneigarane betalte i perioden 1982-1997 etter den såkalla driftstilskotsordninga for kortbaneplassar. Etter denne ordninga måtte lufthamneigarane forskotere 30 pst. av dei investeringstiltaka staten godkjende (6 pst. i Nord-Troms og Finnmark), mot å få refundert pengane over tid på grunnlag av Noregs Kommunalbanks vilkår for renter og avdrag. Ved årsskiftet 1999/2000 står det igjen å betale 41,3 mill. kr pluss renter for 1999 som er rekna til 3,1 mill. kr. Ettersom det er foreslått å løyve 7,5 mill. kr til formålet i 2000, gjer Samferdselsdepartementet framlegg om ei tilleggsløyving for 1999 på 36,9 mill. kr knytt til forskota.

Den andre ordninga gjeld utsett betaling av kompensasjon for statleg overtaking av 18 av dei 26 regionale lufthamnene. Det er avtalt at staten kan utsetje betalinga mot rentetillegg lik den satsen som til ei kvar tid gjeld for lån til «lang p.t. rente» i Noregs Kommunalbank. Behovet ut over løyvingsframlegget på 9,9 mill. kr i 2000 er rekna til 84,4 mill. kr for kompensasjonane og 10,8 mill. kr for rentetillegga. Samferdselsdepartementet gjer derfor framlegg om ei tilleggsløyving for 1999 på 95,2 mill. kr til dette formålet.

Samferdselsdepartementet viser til at framlegget om å løyse inn gjelda vil spare staten for framtidige renteutgifter, rekna til i alt 8 mill. kr årleg med rentenivået i dag. I tillegg vil behovet for å administrere og følgje opp ordningane falle bort i Samferdselsdepartementet, Luftfartsverket og hos dei tidlegare lufthamneigarane.

3 Programkategori 21.3 Vegformål

3.1 Omstillingstilskot - fv 228 Jendem - Aurosen i Fræna kommune, Møre og Romsdal

Storvika i Fræna kommune i Møre og Romsdal var aktuell som ilandføringsbase for olje og gass. Debatten om lokalisering vara i om lag 10 år. I samband med dette blei det i lokalsamfunnet skapt von om nye arbeidsplassar. Vidare blei store areal båndlagde. Tjeldbergodden blei til slutt valt som ilandføringsbase.

Fv 228 Jendem - Aurosen var prioritert av Møre og Romsdal fylkeskommune for utbetring. Etter planen om ilandføring av olje og gass til Storvika skulle utbyggjar dekkje utgiftene til utbetring av vegen. Dette førte til at fylkeskommunen ikkje lenger prioriterte vegen.

Tidlegare har det vore gitt omstillingstilskot, m.a. til 11 kommunar på Helgeland som kompensasjon for manglande lokalisering av basefunksjon/ilandføring for Heidrunfeltet. Tilskotet blei fordelt til kommunale næringsfond/utviklingsprogram i ytre Helgeland.

Fræna kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at ei utbetring av fv 228 vil vere den beste kompensasjon som lokalsamfunnet kan få for tapt ilandføringsbase.

På denne bakgrunn gjer departementet framlegg om å løyve eit omstillingstilskot på 12 mill. kr til utbetring av fv 228 Jendem - Aurosen i Fræna kommune i Møre og Romsdal. Tilskotet blir gitt som ei eingongsløyving.

4 Programkategori 21.5 Jernbaneformål

4.1 Jernbaneverkets fiberkabelnett

Departementet gjorde i St.prp. nr. 27 (1998-99) greie for oppgjeret mellom Jernbaneverket og Telenor AS etter at samarbeidsavtalen mellom dei om bruk av Jernbaneverkets fiberkabelnett blei avslutta, jf. også Innst. S. nr. 58 (1998-99).

I den same proposisjonen blei det orientert om at Jernbaneverket har inngått ein avtale med Telia som byggjer ut ein del nye fiberkabelanlegg og får knytte desse til Jernbaneverkets fiberkabelanlegg og at denne avtalen ikkje inneber økonomisk risiko for Jernbaneverket. Etter avtalen vil Telia som ei motyting ta ut kapasitet i Jernbaneverkets anlegg tilsvarande ein verdi på i alt 150 mill. kr over ein periode på 10 år. Dei nye anlegga vil etter det bli overførte til Jernbaneverket utan vederlag.

Det blei rekna med at Jernbaneverket skulle kunne oppnå ein nettoinntektsvinst frå sal av overskotskapasitet til andre aktørar i telemarknaden på 240 mill. kr i perioden 1998-2001. På denne bakgrunn blei det ved Stortinget si handsaming av St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 13 (1998-99) vedteke inntektsført 50 mill. kr i 1999 på kap. 4350, post 04 Leigeinntekter.

Nyare framlegg frå Jernbaneverket viser at dette overslaget var for optimistisk. Det har fram til no ikkje vore mogleg å oppnå tilstrekkeleg salsvolum, samstundes som priskonkurransen i telemarknaden har vore sterkare enn venta. For 1999 er det no venta ein nettovinst frå salet av overskotskapasiteten i fiberkabelnettet på berre 2 mill. kr. Samferdselsdepartementet gjer derfor framlegg om at budsjettert inntekt for 1999 på kap. 4350, post 04 Leigeinntekter, blir redusert frå 50 mill. kr til 2 mill. kr. I 2000 er det budsjettert med 20 mill. kr.

4.2 Meirinntektsfullmakt for Jernbaneverket

Ved handsaminga av St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 13 (1998-99) fekk Jernbaneverket fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 1350, postane 23 og 30, mot tilsvarande inntekter på kap. 4350, postane 02 Sal av eigedomar mv. og 03 Arbeid for framande, men slik at overskridinga ikkje må utgjere meir enn 6 pst. av løyvingane på kap. 1350, dvs. 213 mill. kr.

I avtalen mellom Telia og Jernbaneverket, jf. pkt. 4.1 ovanfor, er det lagt opp til at Telia byggjer ut ein del nye fiberkabelanlegg. I praksis betaler Jernbaneverket leverandørane og utgiftsfører betalinga på ein utgiftspost på kap. 1350, post 23 Drift og vedlikehald. Utgiftene blir vidarefakturerte til Telia. Betalinga frå Telia for utbygging av fiberkabelnettet blir så inntektsført på kap. 4350, post 03 Arbeid for framande. Til saman utgjer dette i 1999 om lag 80 mill. kr av inntektene som Jernbaneverket har på denne posten.

Ved fastsetjinga av fullmaktsgrensa på 6 pst. blei det ikkje teke omsyn til denne inntekta. Gjeldande meirinntektsfullmakt inneber at berre 20 mill. kr av

totalbeløpet på 80 mill. kr som blir fakturert vidare til Telia, kan først tilbake til Jernbaneverket. I praksis vil dette innebere eit utilsikta kutt i vedtekne løyvingar på kap. 1350 med om lag 60 mill. kr.

For at Jernbaneverket ikkje skal tape på ordninga med vidarefakturering av arbeid utført for Telia gjer Samferdselsdepartementet framlegg om at fullmaktgrensa for å overskride løyvingane på kap. 1350, postane 23 Drift og vedlikehald og 30 Investeringar i lina, mot tilsvarende inntekter på kap. 4350, postane 02 Sal av eigedomar mv. og 03 Arbeid for framande, blir utvida frå 6 pst. til 8 pst. av samla løyvingar på kap. 1350.

4.3 NSB Gardermobanen AS - orientering

NSB Gardermobanen AS legg opp til at utbyggingsorganisasjonen i selskapet blir avvikla 31. desember 1999. Saker i samband med utbygginga som ikkje er avklara før denne datoen, vil bli ivareteke av driftsorganisasjonen i selskapet. Midlar til desse sakene vil bli tekne frå dei løyvingar som selskapet alt har fått. Departementet vil komme tilbake med ei oversikt over fordelinga av den endelege låneramma for utbygging, førebuing til bane-/trafikkdrift og tetting av Romeriksporten når endeleg balanse for NSB Gardermobanen blir lagt fram våren 2000.

4.4 Renter av lån til NSB BA

Renteperioden for betaling av lån til NSB BA er for tida 6 månader. Siste betaling for 1999 var i august. Rekneskapen for 1999 viser at betaling av renter av lån til NSB BA er om lag 13 mill. kr høgare enn budsjettert. Departementet gjer derfor framlegg om å auke kap. 5611, post 80 Renter, med 13 mill. kr.

5 Programkategori 22.2 Telekommunikasjonar

5.1 Post- og teletilsynet

I St.prp. nr. 1 (1999-2000) Samferdselsdepartementet, varsla departementet at det ville komme tilbake med forslag om løyvingssendringar på Post- og teletilsynets budsjett i siste revisjon av statsbudsjettet for 1999. Behovet for løyvingssendringar kjem av pålagte aktivitetar som tidlegare ikkje er kompenserte ved auka løyvingar, og ekstraordinære tiltak som tilsynet vil gjennomføre i 1999.

Som det går fram av St.prp. nr. 1 (1999-2000), er det fleire aktivitetar som medfører behov for auka løyvingar både i 1999 og ut over 1999. Dette gjeld Totalforsvarsprosjektet som tilsynet administrerer, utføring av tryggleiksklaring innan samferdselssektoren, dekking av utgifter ved administrasjon og drift av ordninga med sal av 5-sifra telefonnummer, utføring av sekretariatsoppgåver i samband med Noregs formannskap i den europeiske post- og teleorganisasjonen CEPT, framskunding av arbeidet med å lyse ut konsesjonar for mobilsystem i tredje generasjon - UMTS. Sistnemnde skjer på bakgrunn av fleire innspel, m.a. merknader frå samferdselskomiteen ved handsaminga av St.meld. nr. 24 (1998-99), jf. Innst. S. nr. 198 (1998-99).

Post- og teletilsynet har mange datasystem og måle- og kontrollutstyr som også må verke etter årtusenskiftet. Pr. juni 1999 var det meste av datasystem og teknisk utstyr prøvd, renovert og/eller erstatta med nytt utstyr. Dette har medført behov for auka løyvingar.

Ved overføringa av Radiostøykontrollen frå Telenor AS til Post- og teletilsynet, jf. St.prp. nr. 45 og Innst. S. nr. 180 (1998-99), har det i tillegg til gitte løyvingar blitt behov for ytterlegare midlar til kjøp av utstyr, inventar m.m.

På denne bakgrunn gjer departementet framlegg om å auke løyvingane på kap. 1380 med 6,3 mill. kr. på post 01 Driftsutgifter, og 2,5 mill. kr på post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, til saman 8,8 mill. kr. Auken blir finansiert med ein tilsvarande auke på inntektssida gjennom auka gebyr og trekk på reguleringsfondet. Dette inneber at kap. 4380, post 01 Diverse avgifter og gebyr, blir auka med 4,4 mill. kr og 4,4 mill. kr blir trekt frå reguleringsfondet.

Samferdselsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om løyvingssendringar mv. for 1999 på Samferdselsdepartementets område.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r:

Stortinget blir bedt om å gjere løyvingsendringar mv. på statsbudsjettet for 1999 i samsvar med eit framlagt forslag.

Tilråding frå Samferdselsdepartementet ligg ved.

Forslag til vedtak om endringar i statsbudsjettet for 199

I.

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1311		Tilskot til regionale flyplassar	
	60	Tilskot til ikkje-statlege flyplassar, <i>kan overførast, kan nytast under kap. 1310, post 70</i> , blir auka med	132 100 000
		frå kr 27 900 000 til kr 160 000 000	
1320		Statens vegvesen (jf. kap. 4320)	
	61 (ny)	Omstillingstilskot - fv 228, Fræna kommune, <i>kan overførast</i>	12 000 000
1380		Post- og teletilsynet, (jf. kap. 4380)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	6 300 000
		frå kr 130 800 000 til kr 137 100 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med	2 500 000
		frå kr 19 300 000 til kr 21 800 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4350		Jernbaneverket (jf. kap. 1350)	
	04	Leigeinntekter, blir redusert med	48 000 000
		frå kr 50 000 000 til kr 2 000 000	
4380		Post- og teletilsynet (jf. kap. 1380)	
	01	Diverse avgifter og gebyr, blir auka med	4 400 000
		frå kr 144 100 000 til kr 148 500 000	
	51	Frå reguleringsfondet	4 400 000
5611		Renter av lån til NSB BA	
	80	Renter, blir auka med	13 000 000
		frå kr 124 000 000 til kr 137 000 000	

II

Stortinget samtykkjer i at:

Jernbaneverket kan overskride løyvingane for 1999 på kap. 1350, postane 23 Drift og vedlikehald og 30 Investeringar i lina, tilsvarande rekneskapsførte inntekter på kap. 4350, postane 02 Sal av eigedomar mv. og 03 Arbeid for framande, med inntil 8 pst. av dei samla løyvingane på kap. 1350 Jernbaneverket. Fullmakta gjeld ikkje sal til NSB Gardermobanen AS og vidareasal av elektrisitet til togdrift.
